

Høringsuttale på planforslag for gang og sykkelveg FV57 Lindås – Mongstad

Thore Knarvik
Knarvikgarden 69
5955 Lindås
Grunneigar 121/1

Singapore 05.03.2021

Punkt 1.

- a. Grunneigarane for 121/1, 121/2, 121,5,121/6 mister tilkomst til sin del av eigendomen på sør vest sida av fylkesvegen. Her kan det byggas ein felles veg på Sør Vest sida av vegen som fordeler tilkomst til desse eigendommene, eller avkjørsel til kvar enkelt eigedom.
- b. Tilkomsten må være i ein sånn størrelse at det er sikra tilkomst for maskiner til framtidig hogst av skog og fløtting av dyr til/frå beiter etc.
- c. Gjærdet/gard må førast opp på igjen på begge sider av Fylkesvegen mot eigendommene etter at prosjektet er ferdig, for 121/1 og 121/5 må eit midlertidig gjærde vera oppført under bygge prosessen, spessielt på Nord Øst sida av vegen, sidan dette er nytta store deler av året som beite.

Punkt 2

- a. Ei rundkjøring i staden for eit kryss, vill sikre betre flyt i trafikken, ein kan då ha avkjørslere til Mongstad sør, Hellestveit, knarvikgarden og utmark på eit punkt på fylkesvegen.
- b. Om ein går for ei løysing med rundkjøring, treng ein ikkje bandlegge eit så stort areal på Nord Øst sida av vegen for buss haldeplass, Og med ei rundkjøring, vil også ein få betre flyt i trafikken. Idag er dette eit tungt belasta veg kryss, spessielt på morgonar og ettermiddager, som kan og har skapa trafikfarlege situasjoner.

Punkt 3

- a. Med og byggje gangveg og kjøreveg til Hellestveit og Knarvikgarden i samme trase, trenger ein ikkje splitta opp eigendomane sånn som planen er pr.idag.

